

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Hordaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Kvinnherad
 Emne: Skav Bygdelag: Omvikdalen
 Oppskr. av: Arne Lhaland Gard:
 (adresse): Øt. Rommetaut, Stord. G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Uppbeikningi er etter eigi røynde. Ær fødd 1871. Sbr. og lærar.

SVAR

1. Nei.
2. Skav, sveg = avskore ris av bjørk, ravn eller selja. Sammannet er markaför.
3. Ordtyging: å skava, skjær, skov, har skave.
4. Skav er nytta berre som hjelpefør i vanskelege år, og det heiter skav (hegg og selja)
5. Ein skjær ravn, ask, osp, alm, asal. Av laurkee skjær ein ikkje bjørk, older (or) eller trollhegg. Gjørast held ein alm, osp og ravn.
6. Nei. - - - Ein "skjovel" = eit avskavet stykke bre.
7. Rimet um skav lyder i Kvinnherad soleis:

Rauenen før,

almen gjør,

selja svelte,

vieren velte,

osp (=osp) legg smør i øsk' (=økja)

hegg legg merr i legg.

selja før + kui litt å belje

Mange mente at ein ikkje kunde laga log på heggeskav. Den logen var førleg for feet.

8. Kyrne fekk skav, sau og helst geit fekk sveg = ris, hesten fekk ikkje skav eller sveg. - Det var på vårspranen skavet var bruks, og buskapen fekk det helst for seg, ikkje blanda med høyet. Skav av older åt ikkje kyrne.

- 2
9. Mjölkemengdi auka gjerne. Smøret vart gulare i den tid kyrne (beiste) fekk godt skar. Nokon avsmak på mjölk var det berre etter hegge-skar.
 10. Ein for eins erend til skogs og henta skar-ved. Hesjedelen skov ein ikkje.
 11. Det heiter å dra på markaskog når ein hentar heim skar-ved- eller mork. Skar heitte den laus-skorne borken.
 12. Mork. Skar-ved.
 13. Å marka tyder å samla heim mork, og er brukta berre for skar-ved.
 14. Serleg i mars og april månader. Morking var ikkje rekna for verre arbeid enn vanleg vedhenting, utan soleis at skar-veden vaks på vanokeleg til-gjengelege stader. Dei henta stundom skar på langfredag, men utan at nokon grunn til det var oppgjeven.
 15. Dei skov inne i stova, men også i vedskjulet eller skylja som det heitte, seldnare ute på tunet.
 16. Dei skov dei store skjøvlane med bandakrivar, skavljà (med ei filla bundi til kvar ende som handtak) eller særskilt laga skarkniv (lik ei ljå utan bjo). Tollekniv brukte ein til granne beinar av veden. Dei brukte mykje ljåbrost til å skava med.
 17. Med skavringi til krøteri for ein soleis åt: Dei store skarkubbane la ein t. d. fast bil stolpe med eine enden. Dei små, granne skjøvlane skov ei på den måten at ein sette kniven med barken mot eine knekt sitt og drog pinnen til seg mot knivsegti so skar-sponene datt.
 18. Ordet skarhål kjerner eg ikkje
 19. Når dei skov dei største kubbane, heldt dei skarkniven med bæ hendene. Men dei små skov dei med kniven i eine handi som nemnt under 17.

- 3
20. Ein skjovel, skjelvar
 21. Skar eller skarved.
 22. Ein skjov og so tjukke stongar som ikkje er av for gamle tre. Veden ein skjov av er lengre enn vanleg brennved.
 23. Skjovel, - i fleirtal skjelvar. Dei tjukke kollar ein gjerne skarkubb eller skarsbrange, og dei granne kollar ein skjelvapinn.
 24. Skavet skal vera bunnt med noko av "neveri", noko av borklaget og noko av ytsbe veden under serje. Difor er alltid skarsponen skoren på snei i barklaget. Dette gjeld særleg skarsponene av tjukke habbar.
 25. Dei avskarne skjelvane varit mykta til baksleved og turkered - når dei turka korn.
 26. Ein hende gong i ei værenipa kann ein vel brukta skar enno; men det varst slutt med skavingi i 1880 og 90 åri.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

7.Fylke: **Hordaland**

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: **Kvinnherad**Emne: **Skav**

Bygdelag:

Oppskr. av: **Arne Stuland,**

Gard:

(adresse): **Rommetveit.**

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Svar på tilleggsspørsmål.**Avskrift av brev av 19/1-54.**

" ... Når dei skov dei granne små skjevlane, laut alltid pinnen (skjevlen) dragast under kniven. Utan det vilde ein heller ikkje godt sjå korleis spønene vart. Soleis gjorde dei i Hardanger, Kvinnherad og på Voss.
 Ein gamal mann fra Voss fortalte, for 2 mannsaldrar sidan: Ein skjertorsdag (eller langfredag) sat eg i skogen i snsfok og skov. Skavet (spønene) srøa ned etter kvart, og eg let deim liggja - nedsnæ - og gjekk heim fra skavet um kvelden. Det skulde vera som eit offer til Frelsaren, sa den gamle mannen!"